

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Næring- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/1914-13

Landbruk i Verdiskapingsplanen

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Landbrukssatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjent slik den ligg føre
2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk

Vedlegg:

Landbruk i Verdiskapingsplanen 2016-2025

Høyringsinnspel oppsummert

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 09.12. 2014 at det skulle lagast ei landbrukssatsing under Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen).

Landbruk i verdiskapingsplanen byggjer på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-16. I denne er bredda i landbruksnæringa omtalt med primærproduksjon, foredling og tenesteproduksjon. Planen vart utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Skogeigarlaget, Innovasjon Norge og KS.

2. Kort om plan for landbrukssatsinga 2016-25

I verdiskapingsplanen er målsettinga auka folketal, og då med ein ambisjon om ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Dette føreset 500 nye arbeidsplassar kvart år.

Plan for landbrukssatsinga 2016-25 har valt ut nokre satsingsområde der Sogn og Fjordane kan få til auke i arbeidsplassar og verdiskaping i landbruket. Det har vore viktig å avgrense dette til område der aktørar i Sogn og Fjordane sjølv kan påverke utviklinga gjennom eigen innsats.

Satsingsområda:

1. Verdiskaping ved produksjon og foredling
 - a. Omstilling og utvikling i primærproduksjonen
 - b. Verdikjeder med marknadspotensial
 - c. Landbruksbasert tenesteproduksjon

2. Sysselsetting og busetnad
 - a. Rekruttering til landbruket
 - b. Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar
 - c. Eigedomsoverdraging og fritidsbustader
3. Forsking, utvikling og innovasjon
 - a. Samordna FoU-innsats
 - b. Kompetanse og rådgjeving
4. Nasjonale rammevilkår
 - a. Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk
 - b. Regional bruk av nasjonale støtteordningar

Hovudmål:

1. Verdiskaping ved produksjon og foredling
 - Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke.
2. Sysselsetting og busetnad
 - Sogn og Fjordane skal auke tal arbeidsplassar og folketal i aktive landbruksbygder
3. Forsking, utvikling og innovasjon
 - Sogn og Fjordane skal samordne innsatsen for å løyse utfordringar og utvikle nye og lønsame produksjonar
4. Nasjonale rammevilkår
 - Sogn og Fjordane skal vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet

3. Vurdering og konsekvensar

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke der næringa utgjer ein større del av sysselsettinga og næringsstrukturen enn i mange andre fylke. Fylket følgjer likevel dei same trendane som elles i landet: Meir effektiv produksjon, stadig større bruk og nedgang i tal sysselsette knytt direkte til landbruket.

Sogn og Fjordane har ein topografi som naturleg avgrensar kor store bruka kan vere, og som gjer at det er meir arbeidskrevjande å produsere her enn t.d. i delar av Rogaland og Trøndelagsfylka. Næringsmiddelindustrien er den største industrigreina i industrifylket Sogn og Fjordane.

Landbruk er såleis ei viktig næring i fylket på linje med andre satsingsområde i verdiskapingsplanen. Landbrukssatsinga har eit langsiktig perspektiv og klare målsetingar som byggjer på måla i verdiskapingsplanen. Ved å leggje til landbruk i verdiskapingsplanen, vert satsinga sett i eit system som kan styrke moglegheitene for å nå hovudmåla.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til eige tilråding til vedtak og særskild at det her er fokusert på at fylkesmannen si landbruksavdeling bør få hovudansvaret for oppfølging av planen.